

Sogn og Fjordane Revisjon IKS
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Revisjon 2016

Det vert vist til kontrollutvalet sitt vedtak i sak 39/16 og Revisorbrev 03-2016. Fylkesrådmannen vil no rapportere på dei merknadane som SF-revisjon omtalte i revisorbrevet.

1. Årsmelding 2015

Det vil bli gjort naudsynte endringar i årsmeldinga slik at økonomisk oversikt drifte vert presentert i høve krava i forskrifta.

2. Avstemming av kontantkasse og omsetning på tannklinikkane og dei vidaregåande skulane

Fylkesrådmannen nyttar mykje ressursar på avstemming av kasse og bankkonti på skular og tannklinikkar, og dette er eit fortløpande arbeid. Nye rutinar og avstemmingskjema vart innført i mars 2015. I samband med dette har løn- og rekneskapstenesta gjennomført samlingar for merkantilt personale frå skulane og tannhelsetenesta. Skriftlege rutinar er sendt til kvar skule/tannklinikk og dei er tilgjengelege på intranettet vårt. Det har i heile 2015 og så langt i 2016 vore brukt mykje tid på enkelte skular/tannklinikkar i samband med kvart månadsoppgjjer, og vi har planar om oppfylgingsmøter med avstemmingar som tema.

3. Føring av anleggsregister

Når det gjeld føring av anleggsregister har det vore utfordringar knytt til aktivering av ulike fellesprosjekt. Vi ser no på rutineane våre knytt til dette, og målet er at me i løpet av 2016 skal få aktivering i tråd med krava i rekneskapsforskrifta.

4. Bundne fond og renter.

Det er oppretta eigen bankkonto for m.a. spelemidlar. Rentene av desse vert kapitalisert kvartalsvis, og lagt til konsernkonto. Dette medfører at rentene må manuelt førast frå konsernkonto til konto for spelemidlar. Ved årsskifte vil det nødvendigvis gå noko tid frå den 31.12 til renter vert overført til bankkonto for spelemidlar. Renter vert såleis ikkje ein del av saldo per 31.12 på årsoppgåva frå banken, men rekneskapen viser at rentene er lagt til per 31.12.

Fylkesrådmannen meiner at vilkåra i høve renter knytt til spelemidlar er i samsvar med vilkåra.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Alvhild Orvedal
løns- og rekneskapsjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)

Sogn og Fjordane Revisjon IKS Askedalen 2 6863 LEIKANGER

Kopi til:

Kontrollutvalet v/Einar Ulla Askedalen 2 6863 LEIKANGER